
Fra: Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>
Sendt: 18. august 2015 14:52
Til: Olav Mongstad
Kopi: Kjell Erik Steinbru
Emne: SV: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Hei!

Me noterer oss framlegga til brunamn i Austrheim, og avventar ny tilråding frå stadnamntenesta.

Når det gjeld *Fosnstraumbua*, so står det i høyringsdokumentet at namnet er fastsett av Radøy. Det er nok ikkje heilt formelt rett. Etter det me skjønar var dette statleg veg før, og fylkeskommunal veg no. Det ser ikkje ut til at Statens vegvesen vedtok noko namn medan dei hadde vedtaksrett, sjølv om prosessen var i gang kring 1994, iallfall fekk aldri me eller stadnamntenesta vedtaket. Det er nok greiast om Austrheim kommune i samråd med Radøy kommune bed Hordaland fylkeskommune gjera formelt vedtak om *Fosnstraumbua* no i samband med at de legg fram andre brunamn til vedtak hjå dei.

Med venleg helsing



Kartverket

Erlend Trones
namneansvarleg region vest
Landdivisjonen
Tlf.: 32 11 86 43
Epost: erlend.trones@kartverket.no

Tlf. Kartverket: 08700
www.kartverket.no

Fra: Olav Mongstad [<mailto:Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no>]
Sendt: 18. august 2015 13:25
Til: Erlend Trones
Emne: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Statens kartverk

v/Erlend Trones

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

14/1644 - 8 / OMO

18.08.2015

Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Vedlagt er eit høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim. Tilsaman er det lista opp 14 bruer som vi ynskjer å få sett offisielt namn på. Det er både bruer på fylkesveg, kommunal veg og privat bru. Den oppsummerande lista på side 13 i høyringsframlegget viser til kva eigarskap det er til brua.

I arbeidet administrasjonen har gjort med å setja namna, fall vi tilslutt ned på at i ein øykommune som Austrheim, bør det i stor grad bli øyane våre som gir namn til bruene. Når vi ser i namnregisteret for bruer i landet, ser vi at det ikkje er noko fastlagt mønster for kva som skal vera utgangspunktet til namnet.

Vi ber om innspel på høyringa innan fristen 1. oktober 2015.

Med helsing

Olav Mongstad
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Bruer i Austrheim saksframlegg endeleg saksframlegg 18.08.2015

Kopi til:

Mottakere:

Statens Vegvesen Region Vest
Stadnamnskonsulenten på
Vestlandet

Statens kartverk
Austrheim Kyst- og sogelag
Hordaland Fylkeskommune

Askedalen 4
v/Kjell Steinbru

v/Erlend Trones

Samferdsleavdelinga

6863

LEIKANGER